

## Møtereferat

Dato: 23.01.2015

Emne:	<b>Referat frå FYEL-AU 08.01.2015</b>		
Til stades:	Margot Bertheussen, leiar Kåre Ystanes, nestleiar Arild S. Sekse, seniorrådgjevar		
Forfall:			Sak: 2014/557-93
Møtetid:	11.00 – 14.00	Møtestad:	

**Møteleiar: Margot Bertheussen****Referent: Arild S. Sekse****Sak 1/15 Gjennomgang av protokoll frå fylkeseldrerådsmøte 3.12.2014**

Arbeidsutvalet gjennomgjekk protokollen. Ingen merknadar.

**Sak 2/15 Tema for Vestlandskonferansen 28.-29. april – Hotel Ullensvang.**

Fylkeseldrerådet skal arrangere Vestlandskonferansen 2015 for fylkeseldreråda i Sogn &amp; Fjordane, Rogaland og Hordaland 28.-29. april. Invitasjon skal sendast ut med svarfrist 3. mars 2015.

Arbeidsutvalet, i møte 8.1.2015, gjekk inn for å ta opp følgjande tema på konferansen: Omsorgsteknologi, kommunestruktur, universell utforming og samferdsel (spesielt korrespondansar og anbodsavtalar). AU drøfta òg namn som er aktuelle som innleiarar.

Pr. 27.01.2015 har følgjande innleiarar stadfesta at dei kan delta som innleiarar:

Kari Eidsheim Bjørkheim og Gro Løvik, Lindås kommune (Omsorgsteknologi)

Oddmund Sylta, adm.dir. Skyss (Samferdsel)

Den 27.01.2015 kom det epost med forslag om tema frå fylkeseldrerådet i Sogn &amp; Fjordane: (vedlegg?)

- **Velferds- /helseteknologi**
  - Høgskulen i Bergen v/ rektor Per Gunnar Søggen og ansvarleg for helseteknologiutdanninga Mari Berge driv eit pilotprosjekt. Lindås kommune er visstnok komen langt med å prøve dette ut. Denne teknologien vil i framtida bli svært aktuell i eldreomsorg.
- **Serviceskyssen**
  - Utbygging av serviceskyssen som eit alternativ til bussruter som står i fare for å verte lagt ned.
- **Friluftslivets år – koplast mot utbygging av turstiar og løyper**
  - Burde kommunane i større grad vore oppteken av dette arbeidet i samarbeid med lag og organisasjonar for å få intensivert arbeidet? Eit godt tiltak for å betre folkehelsa.

Spørsmålet ein kan diskutere er korleis ein kan påverke prosessane frå fylkeskommunen og ut til dei enkelte kommunane.

- Utbygging av fleire gang- og sykkelveggar. Slik utbygging burde vere planlagt og utbygt samstundes som vegar vert bygde. Det gjeld både riks- og fylkesveggar. Kan ein og korleis skal ein påverke utbyggingsprosessane ?

BU (brukarutvalet) for Helse Vest

### **Sak 3/15 Innspel frå gruppearbeidet under Eldrerådskonferansen 7.-8.okt 2014**

Arbeidsutvalet har notert følgjande tema frå gruppearbeidet:

**Tannhelse:** Engasjement rundt planlagt reduksjon i talet på tannklinikkar og plassering av desse.

AU sin merknad: FYEL har sendt uttale til fylkesutvalet vedrørande ny tannklinikstruktur og føreslår at ein avventar kva fylkestinget avgjer i saka.

**Sekretærfunksjonen i dei kommunale eldreråda:** I nokre kommunar fungerer ikkje dette tilfredsstillande. AU sin merknad: FYEL vil formulere eit forslag til brev om problema som kan sendast alle kommunane med kopi til eldreråda.

### **Sak 4/15 Saker til FYEL-rådsmøte 05.02.2015**

AU drøfta aktuelle saker til rådsmøtet 5. februar.